



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Elisabeth Vogel
President Harbitz' Gate 27a
0259 OSLO

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SKOFAR - 26/9437

Arkiv:

3/838, L42,
3/838/0/1

Vår dato:

20.08.2026

Saksnr.	Utval
236/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
209/26	Kommunestyret

Byggeløyve - 3/838/0/1 Møsasvø 7A - Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel

Tiltak: Bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 3/838 Møsasvø 7A
Tiltakshavar: Elisabeth Vogel
President Harbitz' Gate 27a
0259 OSLO

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 og kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak, bruksendring av tilleggsdel (bod) til hovuddel (soverom) på fritidsleilegheit på gnr. 3, bnr. 838, fnr. 0, seknr. 1, Møsasvø 7A.

Løyve er godkjent på bakgrunn av søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett datert 06.08.2026, med vedlegg.

Saksopplysningar

Elisabeth Vogel søker om bruksendring av bod til soverom på Møsasvø 7A. Søknaden er datert 06.08.2026.

Det er opplyst at endringa allereie er gjennomført, og at boden vart endra til soverom av utbyggjar ved kjøp av leilegheita i 2005. Ved utarbeiding av tilstandsrapport i 2026 vart det avdekket at bruksendringa ikkje var godkjend av kommunen. Det er difor søkt om bruksendring i etterkant.

Vedlagte teikningar og dokumentasjon syner endring av opphavleg planløyving, samt at det er sett inn vindauge i rommet.

Vurdering

Tiltaket blir søknadspliktig då rom utan varig opphald (bod) blir endra til rom for varig opphald (soverom).

Etter gjeldande teknisk forskrift (TEK 17) § 11-13 skal fri breidde vere minimum 0,5 meter og fri høgde vere 0,6 meter. Summen av fri breidde skal vere minimum 1,5 meter.

Det er opplyst at vindauge er har utvendige karmmåål på 58 cm x 109 cm. Den frie breidda vil vere mindre enn karmmåålet, og vindauge oppfyller truleg ikkje minstekravet etter TEK 17.

Kravet til trygg rømming er vurdert som ivaretake gjennom dør til gang med vidare tilkomst til ytterdør på bakkeplan. Etter TEK17 § 11-13 er kravet for bygningar i risikoklasse 4 at det må minst vere rømingvindauge frå annakvart rom for varig opphald. Dette er vurdert som ivareteke. Ved vurderinga er det lagt vekt på den samla rømingssituasjonen for leilegheita.

Rommet har eit areal på om lag 4 m². Sjølv om arealet er avgrensa for eit rom for varig opphald, er det vurdert at rommet er funksjonelt for bruk som soverom i ein fritidsleilegheit. Rommet er ikkje meint som hovudopphaldsrom, men som rom for overnatting.

Rommet har vindauge i yttervegg som gir tilgang til dagslys og utsyn. Vindauget kan opnast og gir moglegheit for naturleg ventilasjon og tilførsel av frisk luft.

Det vert vidare lagt vekt på at den aktuelle løysinga har vore etablert sidan leilegheita vart teke i bruk i 2005. Leilegheita har i tillegg to andre soverom, og bruksendringa medføre ikkje ei vesentleg endring av den samla bruken av fritidsleilegheita.

Søknaden er ikkje nabovarsla. Endringa vart gjennomført i 2005 og tiltaket vil ikkje råde naboar eller gjenbuarar. Tiltaket er vurdert som friteke frå nabovarsling jf. plan- og bygningslova § 21-3.

På bakgrunn av ei samla vurdering, er det vurdert at omsøkt bruksendring ikkje kjem i konflikt med omsyna bak regelverket, og at rommet er eigna til bruk som soverom.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 19.08.2026.

Gebyr

For handsaming av søknaden er det eit gebyr på kr. 8 755 jf. kommunens gebyrsatsar punkt 3.2.2.1 Søknadspliktige tiltak etter pbl. §20-4 inkl. ferdigattest.

<https://www.oystre-slidre.kommune.no/f/p1/i74dc1b64-d73f-4f4b-b793-317b2f01e69c/byggesaker.pdf>

Føresetnader med heimel i lovverket

1. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.

2. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
3. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
4. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
5. Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
6. Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Frank Skoglund
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.